



NATURVERNFORBUNDET I TELEMARK

Vetle Mules vei 16, 3944 PORSGRUNN

e-post: telemark@naturvern.no

NVE,
Konsesjonsavdelinga,
Postboks 5091 Majorstua,
0301 Oslo

Høyringsvar – Djupsåna og Gautefallelva kraftverk.

Naturvernforbundet i Telemark (NVT) har fylgjande kommentarar til utbyggingsplanane i Gautefallvassdraget.

Innleiing.

Det som må ligge til grunn ved behandlinga av denne konsesjonssøknaden, er at dette vassdraget er gjeitt **varig vern** mot kraftutbygging i **Verneplan IV – 1993**.

I **Samla plan for vassdrag – 1984** vart det konkludera med *store negative verknadar* for natur, dyreliv, friluftsliv, kulturminner m.m. ved utbygging. NVT er klar over at planane den gong var meir omfattande, men poenget ved å nevne **Samla plan for vassdrag**, er at det allereie i 1984 vart dokumentera store verneverdiar.

I tidsrommet frå 1984 – 2015 har vi mista mange verneverdiar (natur, kulturminne, INON m.m.) p.g.a. vasskraftutbygging og andre menneskeskapte inngrep. Endå viktigare er det å verne om det som fortsatt er urørt, ja det skulle vere naturleg/sjølvsagt å gjere det i eit verna vassdrag.

Dessverre så viser historien at det ikkje er sjølvsagt, likevel har NVT tru på at Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE) vil avslå denne konsesjonssøknaden, p.g.a. at utbyggjinga vil svekke verneverdiane i stor grad, og p.g.a. samla belastning.

NVT vil også gje si fulle støtte til Gautefall Turlag sitt høyringsvar. Det er ført i pennen av ein person med stor og god lokalkunnskap, og med god vurderingsevne i forhold til viktigheten av å bevare verneverdiane i vassdraget.

NVT har i tillegg desse kommentarane.

Landskap.

Djupsåna er eit sentralt element i landskapsromet som dannar seg mellom Store- og Lille Djupsånfjell, Fjellmannfjellet, Skålbuvann og Fiskvann. Alle inngrep i dette landskapsromet, dvs. vegar, rørgate, demning m.m., vil berøre og forringe verneverdiane.

INON.

Gjennomføring av denne utbyggjinga vil medføre reduksjon/burtfall av INON område. Norge, Telemark og ikkje minst Drangedal/Nissedal har ikkje INON område å miste. Jamfør det sterke utbyggjings presset naturen i dette området står overfor p.g.a. hyttebyggjing.

Argumentet om at det er ubetydleg INON areal som forsvinn ved ei utbyggjing, kjem ofte frå utbyggjar. Til det er det å sei at ein må sjå på heilskapen, heve blikket utover sitt eige tiltak. «Mange bekkar små, blir ei stor å...».

Eg har sjølv skrive fleire høyringsvar til forskjellige utbyggjingar i området, der burtfall av INON område var ei problemstilling.

Føre var prinsippet.

Når skal føre var prinsippet takast i bruk, om ikkje i eit varig verna vassdrag. Det kjem fram i bio-mangfald rapporten, at det er usikkerhet om mange ting. Både i forhold til funn av dyre- og plantehabitat, t.d. **hubro**.

Slik NVT ser det, så må tvilen kome naturen, og ikkje utbyggjar til gode.

Alle snakkar om «det grønne skiftet» og føre var prinsippet, inkl. regjeringa. Då må det i alle fall synleggjere seg i praksis i eit varig verna vassdrag.

Det hjelper naturen lite at maktpersonar slår om seg med desse orda i festtaler, det må handling til.

Friluftsliv.

NVT viser til at vi er i eit område som bli mykje bruka til friluftsliv, både turgåing og fisking. Den unike stigen langs med Djupsåna, med sine fossar, bekkekløfter og minne frå gamal tid (tømmerdrift med hest), kulturminne ved Fiskvann osv.

Dette har klart størst verdi for storsamfunnet, om det får vere som det er i dag. Som rekreasjon og unik oppleving er det ubetaleleg.

Det er særdeles viktig at dette vassdraget får lov å renne fritt frå Berisvatn, via Nesdalen, forbi Heigeitilen, ned Djupsåna og vidare til Bostrak. Slik kan det fungere som gratis «medisin», folkehelse er jau eit statleg satsingsområde.

Dette treng vi i eit område som ellers ber preg av sterk utbyggjing. Både hytter og vasskraft.

Samla belastning.

Djupsåna og Gautefall kraftverk skal behandlast saman med tre andre kraftverk i Drangedal.

NVT meiner at tida for lengst er komen for å sei at grensa for samla belastning er nådd i dette området. Det går ikkje ann å sei ja til alle desse 5 søknadane, utan å gå langt over denne grensa. NVE må definere, og klargjere kor denne grensa går.

Kor mange fossar – 0,99MW x ? - i eit og same verna vassdrag kan ein byggje ut? Innanfor regelverket.

NVT meiner at både Djupsåna og Gautefall kraftverk ikkje må få konsesjon, og forbli varig verna utan svekking av verneverdiane.

Konklusjon – oppsummering.

Det er ein gjennomgånde ting som slår NVT, etter å ha lest eit betydeleg antall konsesjonssøknadar (vasskraftutb.), og andre utbyggjingssaker.

Frå utbyggjar si side vert ulempene alltid nedtona (skjønnmåla), samtidig som fordelane blir kraftig forstørre. Dette er kanskje ikkje så rart. Det som overraskar meir, er at FAUN, til ein viss grad, også bidreg til dette.

NVT vil minne NVE om ei anna sak som er til behandling, **Klovefoss og Støydalen kraftverk** i Nissedal. Det var Faun som stod for bio-mangfald rapporten også her, som i dei fleste utbyggjingssakene i området.

Her har det vist seg at det går ann å gå grundigare til verks, enn det Faun gjer. Som Faun sjølv skriv, så har skjønn, dvs. den grunnleggjande innstillinga ein har, betydning. NVT meiner at Faun i større grad bør fronte føre var prinsippet, la tvilen kome den svake part – naturen – til gode, i langt større grad enn det dei gjer.

NVE si oppgåve er bl.a. å sjå heilskapleg og objektivt på kvar sak.

Til sist vil NVT vise til, og sitere eit lite utdrag av dei [Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag.](#)

Pkt.3. Nasjonale mål for forvaltning av vernede vassdrag.

«For å oppnå målene, må det særleg legges vekt på å gi grunnlag for å:

A: Unngå inngrep som reduserer verdien for landskaps-bilde, naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminner og kulturmiljø.

B. Sikre referanseverdien i de mest urørte vassdragene.

C. Sikre og utvikle friluftsverdien, særleg i områder nær befolkningskonsentrasjoner.

På bakgrunn av desse argumenta går NVT mot utbyggjing av Djupsåna og Gautefallselva kraftverk. Gautefallsvassdraget må forbli urørt og varig verna. Slik blir intensjonane til vernet ivaretekje, og allmenta vil fortsatt ha denne ressursen å nyttiggjere seg, samt at natur – med alt det inneber, og friluftsliv står i fokus.

Med andre ord: bærekraft, føre var og grønt skifte i praksis.

Torfinn Sanden, Naturvernforbundet i Telemark

Nissedal, 28.05.15

